



Referat

Delprosjekt: Politisk komite P2

Møtestad: Ålesund

Dato: 22.06.18

Tid: 0900-1200

Møteleiar: Kari Grindvik

Deltakarar:	Kommune/repr.
Kari Grindvik	<i>Skodje</i>
Geir Stenseth	<i>Ålesund</i>
Frode Andresen	<i>Ørskog</i>
Nils Magne Abelseth	<i>Sandøy</i>
Modolf Hareide	<i>Skodje</i>
Svein Harsjøen	<i>Haram</i>
Anny Sønderland	<i>Sandøy</i>
Elin Moen	<i>Haram</i>
Synnøve Vasstrand Synnes	<i>Ørskog/Nye Ålesund</i>

Saksliste:

- Oppsummering frå folkemøte og frå workshopen i Fellesnemnda
 - Utarbeiding av skisse til organisering av kommunedelsutvala i nye Ålesund.
- Utkast til drøfting var sendt ut frå leiar i forkant av møtet til medlemmene av komiteen.

Referat og konklusjonar:

- 1. Oppsummering frå folkemøta:**

Den viktigaste budskapet frå folkemøta som var gjennomførte i alle kommunar mai 2018:

- Reell påverknad
- Tidleg involvering i sakene
- Rask respons på innspel
- Sjå resultat av innspel
- Tydeleg og enkelt språk
- God informasjon
- Skape gode møteplassar
- Fellesskap og identitet

2. Oppsummering frå workshop i Fellesnemnda 14.06:

Fellesnemnda vart utfordra på tre spørsmål, og ein fekk følgjande innspel:

- Kva slags nærdemokratiorgan vil vi ha, og kva oppgåver skal leggest til dette organet?

Nærdemokratiorgana bør nemnast som «lokalråd». Ein må ta vare på eldsjeler, og sikre lokal påverknadskraft. Viktige oppgåveområde er frivilligeit, næring, plan/utvikling, kultur. Organa bør ikkje vere partipolitiske, og bør organiserast nær som folkemøte.

- Kva geografisk inndeling/inndelingsprinsipp skal vi legge til grunn?

Ungdomsskulekrinsane kan fungere som ei god geografisk inndeling

- Korleis kan vi sikre ei god kopling mot kommunestyret?
 1. Det bør vere minst ein representant frå kommunestyret i lokaldelsutvalet
 2. Kommunedelutvala bør inviterast til kommunestyret og gje orienteringar, ikkje berre uttale seg til bestemte saker
 3. Utvala bør ha tilstrekkelig administrativ kapasitet
 4. Leiarvervet bør inngå i ei samla frikjøpsordning for den nye kommunen.
 5. Ein bør arbeide for at utvalet blir ein felles møteplass slik at det blir ein god temperaturmålar for steminga i kommunedelane

3. Forslag til organisering av kommunedelsutval i nye Ålesund kommune

Komiteen drøfta følgjande spørsmålsstillingar:

Geografisk inndeling:

Komiteen landa på ei inndeling i følgjande 11 kommunedelsutval, som er samanfallande med dagens ungdomsskulekrinsar:

- Ørskog
- Skodje
- Vatne/Tennfjord
- Brattvåg
- Nordøyane
- Sandøy inkl. Fjørtoft
- Skarbøvik (Hessa og Skarbøvika)

- Ellingsøy (Ellingsøya)
- Spjelkavik (frå Åsestranda og inn til Blindheimstunnellen)
- Kolvikbakken (Aspøy og Nørvøy inn til Åsestranda)
- Blindheim

Nærare organisering av kommunedelsutvala:

Valordning: vert oppnemnde av kommunestyret, jfr. tidlegare vedtak i Fellesnemnda. Valnemnda skal koordinere alle val. Valnemnda si rolle i forhold til kommunedelsutvala må nærare avklarast.

Størrelse og samansetjing: kommunedelsutvala skal ha 11 medlemmer, med 5 representantar foreslått av lag/organisasjonar, og 6 representantar foreslått av dei politiske partia fordelt i samsvar med valresultatet. Komiteen ønskjer å utfordre referansegruppa/særlovsorgana i dette spørsmålet.

Gjennomgåande representasjon: Komiteen er delt i synet på om minst ein av medlemmene av kommunedelsutvala skal vere medlem av kommunestyret, dette for å sikre prinsippet om gjennomgåande representasjon. Komiteen ønskjer å utfordre referansegruppa/særlovsorgana i dette spørsmålet.

Leiar/nestleiar: Komiteen legg uansett til grunn at leiar og nestleiar i kommunedelsutvala ikkje skal vere medlem av kommunestyret. Komiteen ser at val av leiar/nestleiar kan skje på fleire måtar; enten ved at leiar/nestleiar vert valde av kommunestyret, eller ved at kommunedelsutvala konstituerer seg sjølve. Komiteen ønskjer å utfordre referansegruppa/særlovsorgana i dette spørsmålet.

Komiteen legg til grunn at kommunedelsutvala får sine mandat frå kommunestyret, og at dei rapporterer dit. Det skal vidare vere faste, årlege møte mellom kommunedelsutvala og administrativ og politisk leiing i kommunen. Kommunedelsutvala skal vere eller vere organiserte under kommunestyrekomiteen for kultur og medborgarskap.

Kommunedelsutvala må sikrast tilstrekkeleg administrativ ressurs til koordinering og oppfølging.

Nærare om oppgåver, rapportering etc må innarbeidast i eigne reglement.

Organisasjonsmodell:

Den politiske organisasjonsmodellen kan visuelt framstillast slik:

Kommunestyret



Oppgaver til kommunedelsutvala:

Kommunelova og intensjonsavtalen har tydelege føringar på kva oppgåver eit kommunedelsutval skal ha.

Komiteen legg vekt på at kommunedelsutvala skal ha oppgåver knytt til lokalsamfunnsutvikling, sat kultur og frivilligheit.

Kommunedelsutvala må ha ein pott pengar til disposisjon, men komiteen vil ikkje på noverande tidspunkt ta stilling til kor store midlar som skal stillast til rådvelde for den enkelte komite.

4. Vegen vidare

Deltakarar i folkemøta vart oppmoda om å melde seg som medlemmer av ei referansegruppe med tanke på organisering av kommunedelsutval i nye Ålesund kommune. Forslag vil no verte sendt på høyring til referansegruppa, samt til dei lovpålagde medverknadsorgana (råd for menneske med nedsett funksjonsevne, eldreråd og ungdomsråd).

Høyringsfristen vert sett slik at komiteen kan få innarbeidd evt innspel i det endelege forslaget som går til politisk handsaming i Fellesnemnda 13.09.18.

Synnøve Vasstrand Synnes

Ref.

HØYRING: Kommunedelsutval i nye Ålesund kommune – forslag frå politisk komite

Det følgjer av intensjonsavtalen for nye Ålesund kommune at det skal etablerast nærdemokratiorgan (kommunedelsutval) i den nye kommunen. Målet er å engasjere lokalmiljøa, og sikre lokaldemokratiet for alle delar av kommunen. Ein politisk oppnemnd komite har arbeidd med ulike spørsmål knytt til kommunedelsutvala, og ønskjer no å få innspel frå referansegruppa og frå særlovsorgana (råd for menneske med nedsett funksjonsevne, elderråd og ungdomsråd) i dei fem noverande kommunane. Endeleg sak vil bli lagt fram for Fellesnemnda til avgjerd i september 2018.

Evt spørsmål kan rettast til leiar for den politiske komiteen, Kari Grindvik på kari.grindvik@skodje.kommune.no eller 997 05 856.

Frist for uttale er sett til 24.08.18.

Uttale kan sendast på epost til Synnøve Vasstrand Synnes, synnove.synnes@orskog.kommune.no

Utgangspunkt for arbeidet med kommunedelsutval:

- [Kommunelova § 5-7](#)
- [Intensjonsavtalen](#)
- [Innspel frå folkemøte mai 2018](#)

Forslag frå politisk komite:

Geografisk inndeling:

Komiteen foreslår ei inndeling i følgjande 11 kommunedelsutval, som er samanfallande med dagens ungdomsskulekrinsar:

- Ørskog
- Skodje
- Vatne/Tennfjord
- Brattvåg
- Nordøyane
- Sandøy inkl. Fjørtoft
- Skarbøvik (Hessa og Skarbøvika)
- Ellingsøy (Ellingsøya)
- Spjelkavik (frå Åsestranda og inn til Blindheimstunnellen)
- Kolvikbakken (Aspøy og Nørvøy inn til Åsestranda)
- Blindheim

Kva meiner du?

Nærare organisering av kommunedelsutvala:

Valordning: vert oppnemnde av kommunestyret, jfr. tidlegare vedtak i Fellesnemnda.

Størrelse og samansetjing: kommunedelsutvala skal ha 11 medlemmer, med 5 representantar foreslått av lag/organisasjonar, og 6 representantar foreslått av dei politiske partia fordelt i samsvar med valresultatet.

Kva meiner du?

Gjennomgåande representasjon: Komiteen er delt i synet på om minst ein av medlemmene av kommunedelsutvala skal vere medlem av kommunestyret, dette for å sikre prinsippet om gjennomgåande representasjon.

Kva meiner du?

Leiar/nestleiar: Komiteen legg til grunn at leiar og nestleiar i kommunedelsutvala ikkje skal vere medlem av kommunestyret. Komiteen ser at val av leiar/nestleiar kan skje på fleire måtar;

- leiar/nestleiar vert valde av kommunestyret
- kommunedelsutvala konstituerer seg, og vel sjølve leiar/nestleiar

Kva meiner du?

Arbeidsform i kommunedelsutvala: Kommunedelsutvala får sine mandat frå kommunestyret, og at dei rapporterer dit. Det skal vere faste, årlege møte mellom kommunedelsutvala og administrativ og politisk leiing i kommunen. Kommunedelsutvala skal vere elles vere organiserte under kommunestyrekomiteen for kultur og medborgarskap.

Kommunedelsutvala må sikrast tilstrekkeleg administrativ ressurs til koordinering og oppfølging.

Nærare om oppgåver, rapportering etc må innarbeidast i eigne reglement.

Kva meiner du?

Organisasjonsmodell:

Den politiske organisasjonsmodellen kan visuelt framstillast slik:

Kommunestyret



Oppgaver til kommunedelsutvala:

[Intensjonsavtalen](#) har tydelege føringar på kva oppgåver eit kommunedelsutval i nye Ålesund kommune skal ha.

Komiteen legg vekt på at kommunedelsutvala skal ha oppgåver knytt til

- lokalsamfunnsutvikling
- kultur
- frivilligheit

Kommunedelsutvala må ha ein pott pengar til disposisjon. Komiteen har ikkje på noverande tidspunkt teke stilling til kor store midlar som skal stillast til rådvelde for den enkelte komite.

Kva meiner du?